

Overordna tema for perioden: August – Desember:

## VENNSKAP OG FELLESSKAP

**Hovedmål:** Personalet skal støtte barna i å sette egne grenser, respektere andres grenser og finne løsninger i konfliktsituasjoner. (Årsplanen s. 19).

**Delmål:** “Det er de voksnes ansvar å støtte barn I etablering av vennskap og utvikling av lekekompesanse”.(Årsplan for Våland-barnehagane, s.1).

Barnegruppa vår fungerer godt i lag. Me har “landa” godt med alle barnegruppene på avdelinga. Me har fått til fleire fine turar i nærmiljøet, både med og utan niste. Turar på tvers av avdelingane har me også fått til. Deler av målet med turane, har vore å øva å gå, øva å halda handa til ein turvenn, passa på turvennen, øva trafikkreglar, osv. Samtidig skal me ta vare på dei gode “her og nå” øyeblikka og dei gode observasjonane barna har undervegs.

Me har også fått laga saft av alle aroniabæra me plukka i august.

Me kokte alle bæra og studerte den gjennomsiktige gummislangen som me kunne tappa safta ut av gryta og ned på flasker med. Slangen var skikkelig varm, så den måtte me vera forsiktig med. Barna var ivrige deltakarar med mykje undring og gode spørsmål. Ikkje minst så lurte dei på kva tid dei kunne få smake på safta. Det var stor begeistring når dei fekk smake nykokt saft til lunsjen.

Barna undra seg også over den flotte fargen safta fekk og korleis “sleiva” skifta farge.



## Sosialt mål for månaden:

**Mål:** *De ansatte må være kompetente, de må være observante, lydhøre og de må kunne samarbeide med føresatte for å sikre barn en god og trygg barndom hvor krenkelser og mobbing ikke forekommer”.*


(Handlingsplan for et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø i Våland – Barnehagane, 2021, s. 6)

Me har hatt godt fokus på brannvernuka i september. Her snakka me mykje om brannvern og korleis me skulle reagera om brannalarmen gjekk. Løvetann forholdt seg rolig og gjekk fint ned til møteplassen vår ved den store steinen. Me har øva på brannversangar som inneheld kva me skal gjera når det oppstår brann og kva nr. me skal ringa om det skulle oppstå ein brann – Ring 113. Me fekk også laga oss nokre kule brannhjelmar ved hjelp av papptallerken og maling.

Temaarbeidet vidare:

Løvetann arbeider med vennegrupper på tvers av avdelingane og fellessamlingar på morgonen. Det gir barna gode fellesopplevelingar og trygge rammer for dagen. Me vil nytta ulike materiale og fast fortelling/eventyr for best forutsetning for det enkelte barn. Me vektlegger raushet for kvarandre – samtidig som me øver på å setja grenser for oss sjølve og respektera andre sine grenser i aktivitetar og i leiken gjennom dagen. Tusen takk til føresatte som har gitt oss bidrag til å ha i «Hakkebakkekofferten» vår. Me er kommet halveis i boka om «Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen».

Info: 24 Oktober - FN – Dagen



# Månadsplan – Oktober

## Periodetema: Vennskap og fellesskap



<b>UKE 40</b>	<b>Mandag 02.10</b>	<b>Tirsdag 03.10</b>	<b>Onsdag 04.10</b>	<b>Torsdag 05.10</b>	<b>Fredag 06.10</b>
Tema: Vennskap og felleskap Fokus: FN-Dagen Tema: Hakkebakkeskogen	Samling Førskulegruppe 3 og 4 års grupper	Språksamling  Fiskemåltid	Samling Førskulegruppe 3 og 4 års grupper - Fellestur	Språksamling Førskulegruppe Aktivitet: Varmmat	Samling Gode aktivitetar inne og ute
<b>UKE 41</b>	<b>Mandag 09.10</b>	<b>Tirsdag 10.10</b>	<b>Onsdag 11.10</b>	<b>Torsdag 12.10</b>	<b>Fredag 13.10</b>
Tema: Vennskap og felleskap Fokus: FN-Dagen Tema: Hakkebakkeskogen	Samling Førskulegruppe 3 og 4 års grupper	Språksamling  Aktivitet: Fiskemåltid	Samling Førskulegruppe 3 og 4 års grupper - Fellestur	Språksamling Førskulegruppe Aktivitet: Varmmat	Samling Gode aktivitetar inne og ute
<b>UKE 42</b>	<b>Mandag 16.10</b>	<b>Tirsdag 17.10</b>	<b>Onsdag 18.10</b>	<b>Torsdag 19.10</b>	<b>Fredag 20.10</b>
Tema: Vennskap og felleskap Fokus: FN-Dagen Tema: Hakkebakkeskogen	Samling Førskulegruppe 3 og 4 års gruppene	Språksamling  Aktivitet: Fiskemåltid	Samling Førskulegruppe 3 og 4 års grupper - Fellestur	Språksamling Førskulegruppe Aktivitet: Varmmat	Samling Gode aktivitetar inne og ute
<b>UKE 43</b>	<b>Mandag 23.10</b>	<b>Tirsdag 24.10</b>	<b>Onsdag 25.10</b>	<b>Torsdag 26.10</b>	<b>Fredag 27.10</b>
Tema: Vennskap og felleskap Fokus: FN-Dagen	Me markerer FN-Dagen. Det blir fellessamling for dei store på fellesrommet og aktivitetar ute etterpå ☺	Språksamling  Fiskemåltid	Sangsamling Førskulegruppe 3 og 4 års grupper - Fellestur	Språksamling Førskulegruppe Aktivitet: Varmmat	Samling Gode aktivitetar inne og ute
<b>UKE 44</b>	<b>Mandag 30.10</b>	<b>Tirsdag 31.10</b>			
Tema: Vennskap og felleskap Tema: Hakkebakkeskogen	Sangsamling  Avdelingstur	Språksamling  Fiskemåltid			